

Piotr fekk nikiloslaks i båthamna



Piotr med fisken der han tok han – på den nye bølgebrytaren

Ved sekstida onsdag kveld hadde Piotr Chlebowicz (24) si hittil største oppleving som fiskar sjølv om han starta med denne hobbyen heime i Polen allereie då han var ni år gamal: Han fekk ein laks på 9,5 kilo i båthamna eller nærare bestemt på den nye bølgebrytaren.

Fisken var så gjenstridig at det tok 20 minutter å få han i land og Piotr måtte tilkalla hjelp frå vener før det lukkast.

- Først då dei kom med ein krok fekk vi han opp, fortel Piotr, som er frå Mragowo i nordaust-Polen. Då han var gutunge fiska han mykje i dei mange sjøane i heimdistriktet sitt, men då fekk han helst karpe og den tidlegare "personlege rekorden" var rundt tre kilo.

Storlaksen i Uskedalen tok han på ein sluk og Piotr fekk han på tredje kastet. Polakken er ein ivrig fiskar også på norsk grunn og fiskar då helst i fjorden. I elva har han fiska heller lite.

Ellers er han som Uskedal-veteran å regna blant polakkane tiltross for sine unge år og vil helst kallast uskedeling. No er det seks år sidan han kom hit. Han bur på Dønhaug og har det fint både der og på den nye arbeidsplassen sin. Det er ni månader sidan han tok til som mekanikar på Eidsvik Skipsbyggeri der han trivs – som fisken i vatnet!

Fisken som Piotr tok i fjorden er nesten like stor som den som førebels er sesongrekord i elva. Den vog 10,22 kilo. Men no har Piotr fått blod på tann....

Av Ola Matti Mathisen



Piotr med fisken heime på Dønhaug.